



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

HardangerAlliansen v/Kraftkarane AS
Postboks 562
5703 VOSS

Dykkar ref

Vår ref
14/1828

Dato
19 DES 2014

Grimeelvi kraftverk i Jondal kommune i Hordaland - klage på avslag

HardangerAlliansen klagar i e-post av 14.5.2014 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 22.4.2014 på søknad om løyve til bygging av Grimeelvi kraftverk i Jondal kommune i Hordaland fylke.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har oversendt saka til departementet i brev av 28.10.2014.

1. Bakgrunn

HardangerAlliansen søkte 21.3.2013 om løyve til å bygge Grimeelvi kraftverk.

Kraftverket vil nytte eit fall på 320 m mellom inntak på kote 550 og kraftstasjon på kote 230. Kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 779 l/s, som utgjør 250 % av middelvassføringa. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 18 l/s i perioden 1.5 til 30.9 og 17 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette gje ein årleg kraftproduksjon på om lag 5,2 GWh.

Jondal kommune tilrår, under visse føresetnader, at det vert konsesjon. Kommunen føreset mellom anna at minstevassføringa vert auka. Hordaland fylkeskommune meiner at røyrtrasé og mellombels anleggsveg vil vere i konflikt med fjordlandskapet og at det difor må vurderast tunnel eller etablering av røyrgate ved hjelp av taubane. Fylkesmannen i Hordaland rår frå full utbygging av vasskraftprosjekta i Herand. Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland meiner at det ved ein konsesjon bør stillast krav om at lokaliteten med skorpefjell, som har status som nær truga på Rødlista 2010, ikkje råkast. Bergen Turlag meiner at det må settast krav om slepp av minstevassføring som bevarar elva sin verdi som landskapselement ved ein konsesjon. Folgefonna breforlag meiner at Grimeelvi er eit viktig landskapselement i bygda

Herand. Naturvernforbundet i Hordaland meiner at det av omsyn til biologisk mangfald ikkje bør gjevast løyve til kraftverket

NVE meiner at Grimeelvi vil bidra til auka negativ belastning på landskapet i Herand, som inngår i eit fjordlandskap av stor verdi. NVE viser til at eit synleg fossefall vil få betydeleg redusert vassføring og at røyrkata må leggst i eit krevjande terreng og vil medføre omfattande inngrep. NVE legg vidare vekt på at ei utbygging vil ha negative konsekvensar for biologisk mangfald i form av to bekkekløftlokalitetar som er vurderte til å vere av høvesvis lokal (C) og regional verdi (B) og ein førekomst av lavarten skorpefiltlav. NVE har sett Grimeelvi kraftverk i samband med søknadane om løyve til Sæverhagen kraftverk og Herand kraftverk og vurdert konsekvensar for samla belastning på verdiar i Herand. NVE har avslått søknaden om Sæverhagen kraftverk og har i innstilling til departementet tilrådd konsesjon til bygging av Herand kraftverk. NVE meiner at ulempene ved Grimeelvi kraftverk vil vere større enn fordelane.

2. Klagen

HardangerAlliansen har i e-post av 14.5.2014 klaga på NVE sitt avslag på søknaden om løyve til bygging av Grimeelvi kraftverk.

Klager ber i klagen om frist til 6.6.2014 for å for å kome med ei grunngjeving for klagen. NVE aksepterte dette, men klager har ikkje nytta høvet til å grunngje klagen nærare.

3. Departementet sine merknadar

Løyve til Grimeelvi kraftverk kan gis om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane som er naudsynnte for å grunngje avgjerda.

Grimeelvi kraftverk vil bidra med ein årleg produksjon på om lag 5,2 GWh fornybar energi. Kraftverket vil og gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og kommune.

Tiltaksområdet er del av eit verdifullt fjordlandskap og har verdiar for landskap og friluftsliv. Vidare har området verdiar for biologisk mangfald. Det registrert to lokalitetar av den verdifulle naturtypen bekkekløft, av høvesvis lokal (C) og regional verdi (B), og ein førekomst av lavarten skorpefiltlav, som har status som nær truga (NT) i Rødlista 2010. Ev. negative konsekvensar for desse verdiane må tilleggst vekt i avgjerda om det skal gjevast konsesjon, jf. "Retningslinjer for små vannkraftverk" (2007).

Departementet deler NVE si oppfatning om at Grimeelvi vil bidra til auka negativ belastning på landskapet i Herand, og ei utbygging med vassvegen i tunnel vil etter departementet si vurdering ikkje kunne bøte på dette i tilstrekkeleg grad. Departementet legg som NVE vekt på dei samla konsekvensane i Herand og har sett klagen på Grimeelvi kraftverk i samanheng med NVEs tilråding for Herand kraftverk som er eit vesentleg større prosjekt med ein årleg produksjon på 74 GWh.

Herand kraftverk er gjeve endeleg konsesjon samstundes med departementet sitt vedtak for Grimeelvi kraftverk.

Departementet finn ikkje grunnlag for å gå i mot NVE si vurdering om å avslå Grimeelvi kraftverk. Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Grimeelvi kraftverk er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for konsesjon er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. Departementet sitt vedtak

Klaga frå HardangerAlliansen takast ikkje til følge. NVE sitt vedtak av 22.4.2014 oppretthaldast.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing


Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør


Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Kopi til:
Jondal kommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Fylkesmannen i Hordaland